



## Årsmelding «Huset i bygda» 2016

Satsingsområde for HiB 2016 har vore direkte kontakt og informasjon til flest mogleg kulturbygg. 2016 har også vore eit spennande år med tanke på samarbeid med ulike aktørar som Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, fylkeskommunen og Noregs ungdomslag. Dette året har mange avtaler kome i «hamn», og sikrar framtida til HiB.

Prosjektleiaren har arbeidd i berre 20 % stilling. Difor har ein måtte valt vekk ein del aktivitet og førespurnader, og tida har ikkje strekt til overfor alle arbeidsoppgåvene. Men trass i lita stilling, har vi oppnådd gode resultat og samarbeid, og blitt enno meir synlege i og utanfor fylket.

**Regionsamlingar:** HiB har hatt fokus på direkte kontakt og rettleiing til huseigarar gjennom 6 Regionsamlingar. Her var godt oppmøte med ca 100 personar frå ca 60 ulike bygg. Dei seks åra HiB har drive, har vi hatt Regionsamlingar i alle kommunane i fylket, og er no godt i gang med runde 2, med oppfølging og utvida informasjon.

Regionsamlingane er ein effektiv – og heilt nødvendig – arbeidsmetode for å kome i kontakt med huseigarane, og ein god arena for samarbeid, nettverksbygging og erfaringsutveksling.

### **Oversikt Regionsamlingar 2016:**

KOMMUNE	VERTSKAP	DATO	TAL DELT.	TAL BYGG
Aurland	Trudvang	17.03.16	10	8
Luster	Luster Rådhus	07.04.16	19	14
Eid	Lagshuset Fram	23.05.16	18	10
Vågsøy	Kvalheim Grendahus	28.09.16	23	10
Selje	Ervik grendahus	29.09.16	15	8
Naustdal	Instedalen grendahus	07.12.16	12	8
			<b>97</b>	<b>58</b>

### **Kulturbyggkonferansen 2016**

HiB har opp gjennom åra arrangert 5 vellykka Kulturbyggkonferansar. I 2015 valde vi den vekk p.g.a. svært usikker økonomi. Difor var det ekstra kjekt å arrangere Kulturbyggkonferansen 12.11.16 i Lagshuset Fram på Stårheim. Det vart færre deltakarar enn ynskja, men 14 deltakarar frå 11 ulike bygg fekk fagleg input og inspirasjon frå dyktige og interesanne førelesarar. Pål Fidjestøl frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane fortalte om «Korleis skrive søknad med fokus på budsjett», Guro Høyvik frå Fylkeskommunen informerte om «Spelemidlar for kulturbygg». Astrid Grete Torheim frå Eid Frivilligsentral engasjerte deltakarane gjennom innlegget «Kulturbygga som inkluderingsarenaer». Suksesshistoria 2016 var Leikanger ungdomslag. Her fortalte Astrid og Magnar Bolstad om sine erfaringar rundt ombygging og utvikling av Leikevang «Frå visjon til verkelegheit», eit nyttig og jordnært innlegg.

### **Samarbeid med andre aktørar:**

**Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane** tok initiativ til å dele ut pengar til ein eigen «pott til kulturbygg». Dei inviterte fylkeskommunen og HiB/SOFUL til ei nytt samarbeid/satsing for å få auka midlar til utvikling av bygningsmassen i lokale kulturbygg. Dette startar opp våren 2016. HiB er veldig nøgde at desse to viktige aktørane ser verdien av gode kulturbygg i fylket. Modernisering, rehabilitering og utvikling av kulturbygg er kostnadskrevjande område, og no kan huseigarane få nye finansieringsmoglegheiter gjennom denne satsinga. Dette skapte stort engasjement, og om lag 40 kulturbygg søkte om til saman 5 millionar. 7 kulturbygg fekk tildelt til saman 500 000 kr. Kultursjef i Sparebankstiftinga bidrog også med nyttig innlegg på Kulturbyggkonferansen til HiB.

**Sogn og Fjordane Fylkeskommune** og HiB har hatt eit godt samarbeid opp gjennom åra. I 2016 har samarbeid om Kulturbyggkonferansen, informasjon om «Spelemiddelordninga» og samarbeid om tildeling av midlar vore nokon av

hovudtrekka. I 2015 gjekk SOFUL/HiB i forhandlingar med fylkeskommune om ei Utviklingsavtale, som med stor glede vart signert hausten 2016. Med denne avtala følgde 150 000 kr til SOFUL/HiB for 2016. Avtala legg også nokon føringar på kva arbeid HiB skal prioritere, m.a. Husdatabase og registrering av kulturbygg i Fylkesatlas. **Noregs Ungdomslag** har teke på seg ei koordinatorrolle for å drive og utvikle HiB-prosjekta vidare. Hordaland har drive HiB sidan 2014, og er no inne i avslutningsfasa. Møre og Romsdal startar i desse dagar opp HiB. I Sogn og Fjordane har HiB ei meir sjølvstendig rolle, men NU har teke over det formelle arbeidsgivaransvaret, samt drift av heimesida. Dei dekkjer også to møte i året for prosjektleiarane i dei ulike fylka. I tillegg har NU-kontoret tilsett Inger Johanne Ruset som har eit overordna ansvar for framdrifta og samarbeidet mellom HiB-prosjekta. Ho er også blitt med i styringsgruppa for HiB (saman med Arve Hornnes, Hildegunn Gjelsvik, Åge Avedal og Ingunn Nyheim).

**Anna aktivitet 2016:** På grunn av liten stillingsprosent, har vi ikkje gjennomført Husmøte/møte med einskildshus. Men vi får stadig spørsmål frå kulturbygg, og ca 15 kulturbygg har fått hjelp og støtte via telefon/e-post. HiB har sendt ut 6 Nyheitsbrev, og prosjektleiareren har administrert Kven Veit?-tevlinga, som NU betalte oss 25 000 kr for.

**Synleggjering:** I samband med nokon av Regionsamlingane har HiB hatt pressemelding i lokalavisene, samt i førekant av Kulturbyggkonferansen. I tillegg har HiB blitt omtala i fylkeskommunen sine sosiale medier ved fleire høve, og på heimesidene til fleire kommunar. Vi var også med på ei sending i NRK Sogn og Fjordane i samband med tildeling av midlar i samarbeid med Sparebankstiftinga.

**Økonomi :** HiB fekk i 2011 Buslyst-midlar på 500 000 kr, dette sikra finansieringa av prosjektet ut 2013. HiB har søkt midlar ei rekkje stader, men har berre fått nokon mindre tildelingar, noko som har skapt usikker økonomi og framtidsvon. Men ved inngåing av Utviklingsavtale med fylkeskommunen, nådde vi ein ny milepæl. Avtala sikra 150 000 kr til SOFUL/HiB for 2016. Midlane frå fylkeskommunen vil variere frå år til år, men sikrar vidare drift og gir ein tryggare økonomisk framtid.

**Vegen vidare :** Generelt opplever vi at HiB har blitt meir kjent i og utanfor fylket. Det er godt oppmøte på våre tilstellingar, og media og andre aktørar syner interesse for HiB. HiB har i 2016 hatt bra aktivitet trass i redusert stilling. HiB er ein vesentleg bidragsytar til aktivitet i SOFUL, og er med å synleggjer og marknadsfører SOFUL i Sogn og Fjordane – og andre deler av landet.

Det er spesielt gledeleg at aktørar som Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane og fylkeskommunen ser verdien av arbeidet HiB gjer i fylket og for fylket. HiB vil arbeide for at Sparebankstiftinga deler ut pengar til viktige utviklingsprosjekt i lokale kulturbygg i åra framover. Og ikkje minst er det oppløftande at Sogn og Fjordane fylkeskommune, som vi har hatt eit tett samarbeid med over fleire år, ser verdien av vårt arbeid. Gjennom Utviklingsavtala kan vi samarbeide om viktige mål, HiB kan lettare setje kulturbygga på dagsordenen, fylkeskommunen kan støtte våre visjonar og arbeid. Og midlane som føl med Utviklingsavtala sikrar drift og utvikling av HiB i åra framover. 2017 er året for nysatsing og vidare utvikling av HiB!

Men dette takkar eg for meg – prosjektleiar frå mars 2013 – mars 2017. Det har vore oppturar og nedturar, men i 2016 tok arbeidet nokon avgjerande vendepunkt som sikrar økonomisk drift og nye satsingsområd. Etter mange års arbeid har HiB har fått status og støtte for det det viktige arbeidet for å skape gode kulturarenaer «der du bur». Takk for meg – og lykke til med utvikling av HiB vidare inn i framtida.

11.01.17

Beste helsing

Ingunn Nyheim

Prosjektleiar for Huset i bygda